

Nedre Halsabrotet eit steg vidare

10.11.2011



Ivar Gundersen har venta lenge på klårsignal i Nedre Halsabrotet (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Den langvarige handsamlinga av reguleringsplanen for Nedre Halsabrotet sør har kome eit steg vidare.  
Forvaltningskomiteen har samrøystes og utan debatt lagt ut detaljplanen til offentleg ettersyn.  
Området er 5,5 dekar og arealdisponeringa er i tråd med gjeldande kommunedelplan. Det har kome 7 innspel og planen tek i stor grad omsyn til innspela.  
Kommunen har vurdert området til ikkje å utløyse krav om konsekvensutgreiing eller planprogram**

Saksbehandlar Ingo Bewer skriv i saksførebuinga at forslaget med hovudføremål bustader er av stor interesse for kommunen sitt syn på utvikling av bustadområder i tråd med kommunedelplanen.

Gjeldande reguleringsplan, som vart godkjent så seint som i fjor var ikkje tilstrekkeleg til å gjennomføra dei tekniske utfordringane og skal difor endrast. Difor er det naudsynt med ein ny runde som altså no er igang.

Forslaget vil eventuelt bli revidert i høve til nye merknadar etter utlegginga, heiter det i administrasjonen si utgreiing.

Av Ola Matti Mathisen